



**KULTURPOLITISK
HANDLINGSPLAN
FOR
BYKLE KOMMUNE**

2013 – 2020

**Vedteken i Bykle
kommunestyre
06.06.2013**

Innehald

1	Forord	3
2	Bakgrunn for planen	3
3	Nasjonale, regionale og lokale føringar	4
4	Dagens kulturtilbod	4
5	Dei ulike aktørane i kulturlivet	5
6	Mål for framtidens kulturtilbod i Bykle	7
7	Prioritering av kommunale tenester	8
8	Tiltak for å realisere måla	9
8.1	Tenesteområde bibliotek	9
8.2	Tenesteområde kulturhus	10
8.3	Tenesteområde ungdomsarbeid	11
8.4	Tenesteområde kulturskule og kulturformidling	12
8.5	Idrett og friluftsliv	13
8.6	Museum og kulturvern	14
8.7	Felles overordna tiltak	15
9	Iverksetting og oppfølging av planen	16

Vedlegg

Vedlegg 1 Tenester og ressursbruk innan eininga for kultur og fritid.

Vedlegg 2 Driftsutgifter og andre styringsparameter innan kultur og fritid

1 Forord

Kultur- og fritidsområdet er viktig for Bykles innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Eit aktivt kulturliv gjer Bykle til ein god stad å bu, arbeide og vitje. Vi skal ha eit kultur- og fritidstilbod som gjev trygge og gode oppveksttilhøve for born og unge, møteplassar og arenaer for aktivitet, utvikling og oppleving, samt mogelegheiter for rekreasjon og ro. Eit aktivt kulturliv har ein klar verdi i seg sjølv. I tillegg er det avgjerande for å kunne tiltrekke oss fleire innbyggjarar og besøkande, rekruttere kvalifisert arbeidskraft, og leggje grunnlag for vekst og utvikling i kommunen. Bykle kommune ynskjer framover i endå sterkare grad å sjå kultur i samheng med bulyst og folkehelse. Ein vil halde fram med å nytte synergieffektar i høve til reiseliv og anna næringsutvikling.

Kultur og fritid opptek alle delar av befolkninga og omfattar område som kulturskule, kulturhus og kulturarrangement, bibliotek, museum, ungdomsklubb, kino, idrett og friluftsliv, frivillige lag og organisasjonar, kyrkja og trussamfunn.

Utfordringa framover ligg i å målrette innsatsen på kulturområde, slik at ein sikrar eit godt kultur- og fritidstilbod som er innanfor kommunen si gjeldane økonomiske ramme. Då treng vi ein plan som peikar ut ei felles retning og gjev klare prioriteringar. Ein liten kommune kan ikkje ha tilbod på alle område, og det er difor naudsynt å spisse kultursatsinga.

Kulturpolitisk handlingsplan bygger på kommuneplanen for Bykle. Planen inneheld mål, prioriteringar og tiltak for kommunen sitt arbeid innan heile kultur- og fritidseininga sitt virkeområde. Kyrkja er eit eiga forvaltningsorgan som blir styrt av soknerådet, og som har sin eigen plan for verksemda. Samstundes er kyrkja ein viktig aktør i kommunen sitt kulturliv, og blir difor også omtala i denne planen.

2 Bakgrunn for planen

Kommunestyret vedtok i september 2012 å sette ned ei prosjektgruppe som fikk i mandat å utarbeide ein kulturpolitisk handlingsplan for eininga kultur og fritid. Gruppa har bestått av 3 politikarar, rådmann, tenesteleiar, dei to fagleiarane og ein tillitsvald. Gruppa har fått bistand frå ein ekstern prosessleiar.

Føremålet med planen er å tydeliggjere dei politiske bestillingane og prioriteringane innan kultur- og fritidsområdet fram mot 2020. Planen skal leggest til grunn for framtidige politiske løyvingar, og skal tene som eit styringsverktøy for administrasjonen i prioritering av tenestetilbod og ressursar. Planen er handlingsretta med konkrete tiltak innan dei ulike tenesteområda.

Som følgje av kommunen si økonomiske stode med reduserte inntekter og avgrensa handlingsrom, må ein forvente ei nedgong i budsjettet for kultur og fritid i åra som kjem. Planen må difor gje klare prioriteringar i høve til framtidig nivå og omfang av tenestar, slik at drifta kan tilpassast strammare økonomiske rammer.

Planarbeidet har vært organisert som ei rad arbeidsmøtar i prosjektgruppa, der ein har jobba fram eit felles bilete av dagens tenestetilbod og ressursbruk, mål for framtidige kulturliv samt tiltak for å nå desse. Alle dei fire fagansvarlege i eininga for kultur og fritid har delteke aktivt i utforming av tiltaka.

Kulturpolitisk handlingsplan har ein tidshorisont fram til 2020. Ein legg opp til ei revidering av tiltaksdelen i planen kvar kommunestyreperiode.

3 Nasjonale, regionale og lokale føringar

Denne planen er utvikla med eit bakteppe av fleire dokument. Kommuneplanen for Bykle har vært ei tydelig rettesnor, likeins Regionplan Agder 2020 og Regional utviklingsplan for Setesdal.

Lovgrunnlag

Kommunane sine oppgåver innan kulturområdet er regulert av Kulturlova, som ble vedteken i 2007. Dette er ei generell rammelov som i liten grad stiller konkrete krav til dei kommunale tenestene. I lova heiter det at kommunen er ansvarleg for å fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar, og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

I tillegg kjem Lova om folkebibliotek og Opplæringslova som pålegg kommunane bibliotek og kulturskule som dei einaste lovbestemte tenestene.

Andre føringar

Andre nasjonale føringar omfattar kulturpolitiske meldingar, der Kulturløftet I og II står sentralt. Desse framhevar satsingsområde som kulturskule til alle born som ønskjer det, auka satsing på det frivillige arbeidet, samt styrking av biblioteka og den lokale kulturinnsatsen. Meldingane har ikkje resultert i nye lovbestemte krav eller auka løyvingar til kommunane. Regjeringa førebur nå Kulturløftet III basert på «Kulturutredninga» som kom i mars 2013.

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Aust-Agder, den interkommunale avtalen med Setesdalsmuseet IKS samt andre lokale føringar og vedtak, er og lagt til grunn for dette planarbeidet.

4 Dagens kulturtilbod

Bykle er ein aktiv kultur- og fritidskommune med eit breitt og mangfaldig kultur- og organisasjonsliv. Det er stort engasjement og høg deltaking på mange aktivitetar. Kunst og kultur vert formidla til born og unge gjennom kulturskulen, den kulturelle skolesekken og ungdomsklubben. Innbyggjarar og besøkande har tilbod om ei rekkje kulturarrangement, og vi har et rikt foreningsliv. Kommunen har to gode bibliotek, fleire museumsanlegg og ein godt utbygd infrastruktur med to kulturhus, og gode idrettsanlegg. Tilbodet dekkar alle grupper av befolkninga, men arbeid for barn og unge har høg prioritet. Sjå vedlegg 1 og 2 for meir informasjon om dagens tenestetilbod og ressursbruk.

Kultur- og fritidsområdet må sjåast i samanheng med andre samfunns- og tenesteområde som teknisk drift og forvaltning, helse, oppvekst, næring, m.m. Dette fordrar eit tett samarbeid, og klår ansvarsdeling mellom einingane.

I 2012 hadde Eininga for kultur og fritid eit driftsbudsjett på 13,4 mill kr. Tall frå KOSTRA synar at Bykle kommune i 2012 hadde 22 millionar kroner i samla driftsutgifter til føremål innan kultur, idrett og fritid. Dette beløpet omfattar og utgifter som høyrer inn under andre ansvar/einingar, som til dømes løypekøyning som ligg under næring. Vedlegg 2 syner utvikling av kommunen sine driftsutgifter til kultur og fritid over tid, både samla og fordelt på ulike føremål.

Statlige løyvingar til den kommunale kultursektoren har i dag i det alt vesentlege form av rammetilskot. Dette gjev kommunane fridom til å prioritere mellom kulturoppgåver i tråd med lokale behov og preferansar, men og fridom til å nedprioritere kulturformål til fordel for andre oppgåver.

Ulike stønadsordningar er avgjerande for gjennomføring av arrangement, aktivitet og utvikling av

kulturfeltet. I Noreg finns det mange ordningar og tilskot. Dei viktigaste eksterne finansieringskjeldane for kommunen er spelemidlar, tilskot til kulturbygg, samt statlege midlar knytt til satsingar som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle Spaserstokken, Frifond mm.

Tabellen nedanfor oppsummerar prosjektgruppa si vurdering av dagens kulturtilbod i Bykle kommune:

<p><u>Styrke</u></p> <p>God ressurstilgang – økonomi, bemanning. God infrastruktur – bygg, anlegg, teknologi. Dyktige og engasjerte fagfolk. Små oversiktlege høve understøttar samarbeid. Mangfaldig og moderne tilbod av høg kvalitet. Mange eldsjeler, aktive lag og foreiningar. God deltaking og ein aktiv busetnad. God tilgjengelegheit (opningstid, lokalisering). Stor målgruppe gjennom turistar, hyttefolk, vgs.</p>	<p><u>Svakheiter</u></p> <p>Omfattande, spreidd tilbod gjev intern konkurranse, gjennomtrekk, ustabil oppslutning. Befolkninga er godt vant i høve til betaling. Myten om god økonomi passiviserar. Overdimensjonering pga sesongsvingingar. Manglande evne til å prioritere tilbod/tilskot. Lite kunnskap om brukarane sine forventningar til oppleving av tenestetilbodet. Ulike forventningar hjå innbyggjarar og hyttefolk Offentleg kommunikasjon, lokalt transporttilbod</p>
<p><u>Mogligheiter</u></p> <p>Prioritere færre tilbod – auke i kvalitet, meir solid. Målrette tilbod tilpassa ulike målgrupper. Fleire enkle, lokale tiltak med lokale ressursar. Meir medveten prispolitikk. Engasjere og ansvarleggjere frivillige og foreldre. Tydeliggjere kriteria for tildeling kulturmidlar. Optimalisere ved å sjå ulike tilbod i samanheng. Meir effektiv og fleksibel bruk av ressursane. Meir attraktive arbeidsplassar og fagmiljø. Utnytte synergjar hyttefolk/turistar/innbyggjarar</p>	<p><u>Trugslar</u></p> <p>Framtidig mangel på kompetanse. Strammare økonomiske rammar. Manglande sosialt engasjement, passivisering. Auka mobilitet gjev auke i ekstern konkurranse. Sviktende rekruttering til korps og andre tilbod. Slitasje på eldsjelene. Fråfall ved færre og meir spesialisert tilbod Små forhold og manglande distanse gjer det vanskeleg å kutte i tilbod/støtte Mindre attraktiv kommune pga redusert tilbod. Blir for heimeblinde på eige tenestetilbod.</p>

Ein har i planarbeidet søkt å finne tiltak som tek vare på vår styrke, og å utnytte moglegheitene, samstundes som ein kompenserer for svakheiter og førebygger trugslar. Hovudutfordringa ligg i å spisse innsatsen inn mot nokre utvalde satsingsområde. Ein ønskjer med dette å sikre robuste og berekraftige tilbod av høg kvalitet, som er tilpassa kommunen si økonomi, og brukarane sine behov.

5 Dei ulike aktørane i kulturlivet

Det lokale kulturlivet blir skapt i eit samarbeid mellom kommunen og andre offentlege myndigheiter, frivillige lag og organisasjonar, næringslivet og profesjonelle aktørar.

Bykle kommune

Bykle kommune har tre roller i det lokale kulturlivet:

1. Rammesettar og tilretteleggjar: Her inngår verkemiddel som tilskot, løyver, politiske prioriteringar, tilgjenge til kulturanlegg og lokale m.m. Dette er kommunen si viktigaste rolle, der ein særleg bidreg med infrastruktur og kompetanse.
2. Motivator: Støtte opp om bestemte aktivitetar og prioriteringar for å skape ei ynskt utvikling, mellom anna gjennom bruk av kulturmidlar.
3. Tenesteprodusent: Utvikle og drifte eigne kultur- og fritidsaktivitetar, og da primært innan område som er lovpålagt, eller der det ikkje er hensiktsmessig at andre leverar tenesta.

Ved å vere medveten desse rollene vert det tydeleg kva ulike aktørar kan forvente, og enklare å forvalte dei ulike ansvarsområda klokt i ulike situasjonar.

Aust-Agder fylkeskommune

Fylkeskommunen har primært rolla som regional utviklingsaktør, og er ein viktig samarbeidspartnar i utvikling av nye tilbod og prosjekt. Samarbeidet om tenesteproduksjonen innan kulturområdet er primært knytt til museum og bibliotek. For Bykle kommune er det i tillegg viktig å samarbeide med fylkeskommunen om Setesdal vidaregåande skule, der ein søker å få til avtaler om medfinansiering av kommunal infrastruktur, og tenester som skulen nyttar.

Andre offentlege aktørar

Statlege aktørar gjev føringar for kommunen si verksemd, og er viktige for å utløyse midlar.

Interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjonen kan sjåast som mindre aktuelt innanfor kultur, fordi det er viktig med lokal forankring av desse tenestene. Felles prosjekt og arrangement er meir aktuelt, til dømes UKM.

Frivillige lag og organisasjonar

Dei frivillige kultur- og fritidsorganisasjonane er viktige bidragsytarar og medspillarar for kommunen i å skape eit godt og variert tilbod. Spesielt for ein liten kommune er disse avgjerande. Deltaking i lag og organisasjonar skapar identitet og fellesskapsfølelse og utgjer viktige arenaer for kulturdeltaking. I Bykle har vi meir enn 30 frivillige lag og organisasjonar. Kommunen ser det som viktig å stimulere til frivillig arbeid. Dette gjer ein blant anna gjennom tildeling av kulturmidlar og tilrettelegging av infrastruktur som kulturhus og anlegg, samt ved å ta i bruk dei frivillige sine ressursar på ein god måte i ulike arrangement og aktivitetar.

Denne planen legg til grunn at kommunen ikkje skal ta på seg oppgåver og aktivitetar som kan løysast på ein like god eller betre måte av frivillige organisasjonar. Kommunen skal gi støtte til frivillige organisasjonar på bakgrunn av kulturpolitiske vurderingar, og basert på prioriteringane som kjem fram i denne planen.

Private aktørar og kulturbasert næring

Profesjonelle og halvprofesjonelle aktørar innan utøvande kunst og kulturformidling er viktige bidragsytarar i kommunen sitt kulturliv. Dei bidreg hovudsakleg med ulike kulturarrangement som konsertar, utstillingar osb. Kultur- og kulturbasert næring er veksande, og det er ønskjeleg at Bykle kommune støttar opp om, og dreg nytte av desse aktørane sine tenester både lokalt og regionalt. Dette bidreg til breidde og kvalitet i kulturtilbodet. Samstundes kan kultur næringer basert på design, kunst og kultur, underholdning og opplevingsindustri bidra til arbeidsplassar, og til å utvikle Bykle sin identitet og attraktivitet.

6 Mål for framtidens kulturtilbod i Bykle

Hovudmål

Bykle kommune skal vidareutvikle eit målretta og attraktivt kultur- og fritidstilbod for kommunens befolkning og besøkande.

Delmål

1) Kvalitet og nyskaping:

- Kultur- og fritidstilbodet skal ha god kvalitet og stimulere til oppleving, engasjement, aktivitet, inkludering og læring.
- Kommunen skal tilby ein moderne infrastruktur og legge til rette for gode, lokale kulturarenaer og sosiale møteplassar.
- Kulturtilbodet skal være tidsriktig og nyskapande, der ein kombinerar tradisjonar med moderne uttrykk.

2) Tydeleg profil og prioriteringar:

- Vi skal ha eit målretta og brukartilpassa kultur- og fritidstilbod til ulike aldersgrupper, der barn og unge har høg prioritet.
- Kommunen vil særleg prioritere folkehelse, utøvande verksemd og lokale tradisjonar.
- Tilbodet skal være tilpassa kommunen si økonomisk ramme gjennom færre og meir robuste aktivitetar, samt ein medviten prispolitikk.

3) Lokal forankring og særpreg:

- Kulturtilbodet skal ta vare på Bykle si eigenart og historie gjennom å satse på det som er genuint og ekte for Bykle og Setesdal, formidla i ei moderne form.
- Kulturarrangementa skal i stor grad være lokalt forankra og ta i bruk lokale ressursar.
- Kulturtilbodet skal vidareutvikle eigenarten til dei to bygdene Bykle kyrkjebygd og Hovden.

4) Deltaking, engasjement og samarbeid:

- Kommunen skal ha ei aktiv koordinerande og tilretteleggande rolle ovanfor frivillige lag og organisasjonar, andre offentlige verksemdar og private aktørar.
- Aktivitetar og arrangement skal byggje på kompetanse og engasjement hjå tilsette og frivillige, der initiativ og idear blir verdsett.
- Kultur- og fritidstilbodet skal byggja på stor grad av frivillig innsats, der kommunen stimulerar dette aktivt gjennom målretta bruk av ressursane.

5) Raust vertskap:

- Kulturtilbodet skal vere tilgjengeleg for lokalbefolkninga og besøkande.
- Kommunen skal vere ein god vert for arrangørar gjennom tilrettelegging og profilering av arrangement.

- Kulturtilbodet skal marknadsførast aktivt, og bidra til å selje kommunen si eigenart.

Ønska effekt

Eit godt kultur- og fritidstilbod skal bidra til:

- Trygge, aktive og samfunnsengasjerte innbyggjarar med god fysisk og psykisk helse.
- Stolte Bykle-ambassadørar med ein felles identitet, sterk tilhøyrsløse og fellesskapsfølelse.
- Bulyst og rekruttering av nye innbyggjarar .
- Nasjonale kulturfyrtårn frå Bykle.
- Auka kulturbasert næringsverksemd.
- Inkluderande samfunn prega av toleranse, endringsvilje og samarbeid.

7 Prioritering av kommunale tenester

Med utgangspunkt i måla og ei tydeleggjing av kommunen si rolle innan kultur- og fritidsområdet, vil ein framover basere verksemda på følgjande prioritering av dei kommunale tenesta:

<i>Skal</i> <i>Tenester som er avgjerande at kommunen ivareteke</i>	<i>Bør</i> <i>Tenester som er viktige, men som også andre kan ivareteke</i>	<i>Kan</i> <i>Tenester som er mindre viktige og som andre kan ivareteke</i>
Kulturskule for born og unge Bibliotekdrift Støtte til kyrkja og andre trussamfunn Barne- og ungdomsråd Museumsdrift Drift av kulturhus Støtte til frivillige lag og foreiningar Den kulturelle skulesekken Drift av idrettsanlegg	Musikk- og kulturundervisning i barnehage og skule Tilrettelagt undervisning for born og unge Barne- og ungdomsarbeid Andre kulturarrangement i kommunal eigenregi Tilrettelegging av friluftsområde Treningstilbod Støtte til sesongkort ski og badeland.	Musikk- og kulturundervisning for vaksne Kinodrift Støtte lokale arrangørar med gjennomføring av kulturarrangement Støtte til andre forsamlingshus Kunstformidling

Denne prioriteringa inneber ikkje at "kan" og "bør" tenester ikkje skal ytast, men at dette ikkje er fyrsteprioritet for kultur- og fritidseininga si verksemd. Desse tenesta kan med fordel ivaretakast av andre aktørar, enten av andre einingar i kommunen, frivillig organisasjonar eller private aktørar.

8 Tiltak for å realisere måla

Her følgjer prioriterte tiltak innanfor kvart tenesteområde som skal bidra til å realisere måla.

8.1 Tenesteområde bibliotek

Biblioteket skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturelt virke gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og anna medium gratis til disposisjon for alle innbyggjarar og besøkande. Biblioteket skal vere ein møteplass, og arena for offentleg samtale og debatt. Biblioteket skal i sitt tilbod til born og vaksne leggje vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Biblioteket sitt innhald og tenester skal gjerast kjend, og stimulera til auka leselyst og bruk av biblioteka . Kommunen skal ha eit levande bibliotek gjennom å tilby ny oppdatert litteratur og media, gode opningstider og oppdaterte nettsider. Ein skal tilby aktivitetar retta mot alle aldersgrupper og leggje til rette for studentar og fjernundervisning.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorison	Konsekvens/ønska effekt
1.1	Oppretthalde hovudbiblioteket i Bykle samfunnshus og filialen på Hovden grendehus.		Uendra
1.2	Etablere samarbeidsavtale med grunnskulane som avklårar tenester og samarbeidsform.	2013	Effektiv samhandling og bruk av kompetanse
1.3	Etablere ein kvalitetsutviklingsplan for skulebiblioteket.	2014	Kvalitetssikring
1.4	Integrere tenesteytingar i høve til bruk av biblioteket som skulebibliotek for vidaregåande skule i samarbeidsavtalen med Aust-Agder fylkeskommune.	2014	Avklarte tenester. Auka inntekter gjennom refusjonsordning.
1.5	Arrangere formidlingsarrangement for born, unge og vaksne.	Årleg	Uendra
1.6	Arbeide for ei oppdatert lokalhistorisk samling, samt gjennomføre ei digitalisering av lokalhistorie og forfattarar slik at kunnskap om lokalhistoria finst tilgjengeleg på ei digital plattform. Samarbeide med	2015	Ivareteke lokal kulturarv

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
	Setesdalsmuseet om lokal litteratur, og formilding av lokale tradisjonar.		
1.7	Arbeide for ei god samling med bøker og andre media innan tema som passar inn i kommunen sin eigenart og i marknadsføring, til dømes fjell og ski.	Fortløpande	Lokal forankring og eigenart. Auka attraktivitet og utlån
1.8	Fokusere på digitalt arbeid, og auka informasjonskompetansen hjå tilsette og innbyggjarar.	Fortløpande	Betre kompetanse og tilbod.
1.9	Legge til rette for auka sjølvbetening i biblioteka.	2015	Investeringskostnad. Auka tilgjengelegheit. Frigjer tid.

8.2 Tenesteområde kulturhus

Kulturhusa skal være ein attraktiv arena for allsidige kultur- og idrettsaktivitetar og arrangement. Kommunen skal gjennom kulturhusa tilby lokalitetar for konferansar, kurs og møter. Kulturhusa skal være ein sosial møteplass for lokalsamfunna i Bykle og på Hovden. Ein skal tilby innbyggjarane kulturopplevingar, bibliotektenester, innandørs treningstilbod og lokale til arrangement. Husa skal vere ein rusfri møtestad for born og unge. Kulturhusa skal fyllast med aktivitet gjennom utlån/utleige til eksterne arrangørar, lag/organisasjonar og næringsretta verksemd.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
2.1	Gjennomføre brukarundersøkingar for kulturhusa med tanke på tilpassing av aktivitetstilbod og opningstider.	2014	Brukartilpassa tilbod
2.2	Gjennomføre eigne kulturarrangement og leggje til rette for arrangement og aktivitetstilbod i samarbeid med frivillige lag, skular, kulturskule og kommersielle aktørar fordelt på både kulturhusa.	Fortløpande	Godt aktivitetstilbod. Auka frivillig innsats og samarbeid mellom aktørar.
2.3	Integrere tenesteytingar i høve til bruk av kulturhus for vidaregåande skule i samarbeidsavtalen med Aust-Agder fylkeskommune.	2014	Avklare tenester. Auka inntekter gjennom refusjonsordning.

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
2.4	Etablere samarbeidsavtale med skulane i Bykle om bruk av kulturhusa.	2013	Betre samarbeid og bruk av ressursar.
2.5	Nytte moderne kanalar og media for å synleggjere og informere om aktivitetar og arrangement i kulturhusa.	Fortløpande	Auka tilgjengelegheit og deltaking. Auka ressursbehov.
2.6	Sørgje for eit tilfredsstillande kinotilbod fordelt på både kulturhusa.	Fortløpande	Attraktivt aktivitetstilbod
2.7	Leggje til rette for utleige/utlån av husa basert på ledig kapasitet. Gjennomgå vilkår(overnatting) og prisar ved utleige av kulturhus og utstyr.	2013	Hensiktsmessig bruk og prising
2.8	Gjennomføre årleg felles brukarmøte med lag og organisasjonar for å samordne aktivitetar og bruk av kulturhusa.	Årleg	Betre samarbeid og bruk av ressursar. Samordna aktivitetstilbod.
2.9	Vurdere opningstider på kulturhusa i høve til den økonomiske ramma, ønska servicenivå og besøkstall.	2013	Tilpassa tilgjengelegheit og service
2.10	Ansvarleggjere personar, lag og foreiningar som har avtale om å bruke husa utanom opningstid (tydelege krav til bruk og ev. erstatning).	2013	Ansvarleg bruk og tilpassa service

8.3 Tenesteområde ungdomsarbeid

Kommunen skal gjennom det kommunale ungdomsarbeidet leggje til rette for opne og tilgjengelege møteplassar, og aktivitetar for ungdom. Ein skal arbeide førebyggjande med omsyn til rusmisbruk, mobbing, åtferdsproblem etc. Ungdomsarbeidet skal auke dei unge sin medverknad i lokalsamfunnet

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
3.1	Engasjere og ansvarlig gjere foreldre, lag og organisasjonar til å bidra meir aktivt i ungdomsarbeidet.	Fortløpande	Auka aktivitet

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
	Samarbeide om aktivitetar med næringslivet og eksterne aktørar.		
3.2	Oppretthalde eit felles ungdomsklubbhus med faste aktivitetar i Bykle, kombinerte med fleire ungdomsarrangement på Hovden.	Fortløpande	Betre tilbod på Hovden
3.3	Integrere elevar i vidaregåande skule i ungdomstilbodet.	Fortløpande	Tilbod til alle unge
3.4	Jobbe for effektive transportløyningar i kombinasjon med auka frivillig kjøring.	Fortløpande	Muleg innsparing
3.5	Søkje om støtte til ungdomstiltak utanfrå, slik som Frifond, kulturordning og liknande. Søke midlar frå NAV og Helse, spesielt i høve til rusførebyggjande tiltak for ungdom.	Fortløpande	Auka inntekter. Betre tilbod

8.4 Tenesteområde kulturskule og kulturformidling

Kulturskulen skal bidra til utvikling av born og unge sine skapande evner, og gi dei mogelegheit til å delta i kunstnarleg verksemd. Alle born og unge til og med 19 år som ønskjer det, skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein rimelig pris. Born med særlege evner skal få utvikle sine kunstnarlege talent gjennom kulturskulen. Kulturskulen skal fungere som kulturfagleg ressurscenter for opplæring og formidling av kultur i det lokale skule- og kulturlivet. Kommunen skal legge til rette for allsidige og stimulerande kunst og kulturopplevingar til innbygarane.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
4.1	Tilby undervisning i 4 sjangrar gjennom året. Tilpasse tilbodet i kulturskulen til tilsette sin kompetanse og etterspurnad frå brukarane.	Fortløpande	Målretta tilbod
4.2	Som hovudregel skal tilbodet avgrensast for individuell undervisning til 1 instrument pr elev. Dette kan avvikast ved ledig kapasitet.	Fortløpande	Kan frigjere ressursar
4.3	Akseptere ventelister i undervisningsfag ved stor etterspurnad.	Fortløpande	Unngå auka ressursbehov

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
4.4	Vurdere ekstra ressursinnsats for spesielt talentfulle elevar som vil satse på utøvande verksemd.	Fortløpande	Betre tilbod. Kan krevje auke i ressursar.
4.5	Utvikle kulturskulen som eit ressurscenter og ein kulturell drivkraft for barnehagane, skulane, SFO og pleie- og hjelpetenesta gjennom undervisning og tilrettelagte arrangement.	Fortløpande	Auka nytte av kompetanse og ressursar. Betre tilbod
4.6	Betre øvingsrom og kontorplassar for kulturskulens tilsette i tilknytning til kulturhusa.	2014	Betre arbeidstilhøve. Krev endring/omdisponering av bygg.
4.7	Støtte aktivt opp om musikkorpset.	Fortløpande	Korpstilbodet skal oppretthaldast
4.8	Barnekor skal prioriterast framfor vaksenkor.	Årleg budsjett	Tilbod til born og unge blir prioritert.
4.9	Det utarbeidast serviceleveranseavtale med dei einingane kulturskulen tilbyr tenester til	2013	Tydeleg ansvar og finansiering

8.5 Idrett og friluftsliv

Innbyggjarane i Bykle skal ha eit variert og utviklande fritidstilbod og stimulerast til fysisk aktivitet. Areal for bygg og anlegg skal sikrast gjennom planarbeid. Bykle kommune skal ha gode tilhøve for å drive aktiv idrett, og legge til rette for at brukarar i alle aldrar skal kunne utøve idrett og mosjon.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
5.1	Drifte, vedlikehalde og vidareutvikle eksisterande idrettsanlegg samt legge til rette for aktivitet i eit folkehelse perspektiv i tråd med Plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg.	Fortløpande	God infrastruktur
5.2	Arbeide for at leigeavtaler i samband med vinter- og sommarløypar fell innanfor krava til å utløyse	Fortløpande	Reduserte leigeutgifter

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
	spelemidler.		
5.3	Søkje om støtte til friluftsføremål/spelemidler.	Fortløpande	Auka inntekter
5.4	Legge opp til dugnad i lag med frivillige lag og organisasjonar samt næringslivet.	Fortløpande	Betre vedlikehald
5.5	Samarbeide med helsepersonell og frivillige om tilrettelegging av aktivitetar.	Fortløpande	Auka tilbod og betre kvalitet

8.6 Museum og kulturvern

Musea skal ivareta vår kulturelle identitet gjennom å fortelje historia om bygdene si utvikling, menneska som har budd her og deira livsvilkår, men og stimulere dagens menneske til debatt, engasjement og samfunnsansvar. Kommunen skal leggje til rette for kulturlandskap og kulturmiljø som viktige ressursar for trivsel og utvikling.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorisont	Konsekvens/ønska effekt
6.1	Verne om dagens bygningsmasse, i alt 20 bygningar.	Fortløpande	Uendra
6.2	Arbeide for at ny avtale med Setesdalsmuseet IKS blir gjennomført, der både vedlikehaldsansvar og formidling inngår.	2014	Reduserte kostnader. God kvalitet
6.3	Belaste omvisartenester der dei høyrer heime.	2014	35' kr i årleg innsparing
6.4	Gjere anlegga betre tilrettelagde for «omvisarlaus» anlegg.	2013	Redusert ressursbruk
6.5	Oppdatere Bygdesoga og gjere den tilgjengeleg på nett.	2015	1 mill kr i eingangskostnad

8.7 Felles overordna tiltak

Her omtalast overordna tiltak samt tiltak retta mot kulturadministrasjon og diverse andre kulturføremål.

Kommunen vil prioritere følgjande tiltak:

Nr	Tiltak	Tidshorizont	Konsekvens/ønska effekt
7.1	Gjennomgå prisregime og vurdere auka brukarbetaling for tenester innan kulturskulen, museum og idrettsanlegg.	2013	Føremålsteneleg prisar
7.2	Gjennomgå retningslinjer for tildeling av kulturmidlar.	2013	Meir målretta tilskot
7.3	Betre koordinering mellom tilbod i Bykle og på Hovden, blant anna gjennom betre kommunikasjonstilbod.	2014	Meir robuste tilbod, auka effektivitet og redusert ressursbehov
7.4	Stimulere til utvida aktivitet i barne- og ungdomsrådet.	2013	Betre tilbod

9 Iverksetting og oppfølging av planen

Når kulturpolitisk handlingsplan er vedteke vil Rådmannen sette i verk endringar i høve til tenester, organisering og ressursbehov i samarbeid med tillitsvalte og tilsette i eininga for kultur og fritid.

Tiltaka i planen søkjast innarbeid i økonomiplan og budsjett gjennom dei årlege handsamingane. Planen leggst til grunn for operative planar for dei ulike tenesteområda innan eining for kultur og fritid.

Vedlegg

Vedlegg 1: Tenester og ressursbruk innan eininga for kultur og fritid.

Vedlegg 2: Driftsutgifter og andre styringsparameterar innan kultur og fritid